



## Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd 23.03.23 på Voss

### Til stades:

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Ida Djupevåg
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Malene Utskot
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Johanne Hjeltnes
Ulvik herad	Ungdomsrådsmedlem Jakob Wanning Gjerde
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Are Dalseide
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Isak Al Bayati
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Marie Hoel-Hansen
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Camilla Solberg

### Ikkje tilstades

Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Emilie Srow
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Martinius Næss Solheim
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Sophia Basilio

### Kontaktpersonar:

Kvam herad:	Kari W. Vik
Hardangerrådet iks:	Trude Læg Reid Rinaldo

### Gjester:

Voss herad	Siri Stuve Elvatun, Leiar rus og psykiatri Voss herad
Voss herad	Agnete Gilbakken, Rus og psykiatri Voss herad
Voss herad	Sigbjørn Hauge, Varaordførar på Voss

### SAKLISTE:

#### HU-sak 07/23      Oppfølging Opplæringskonferanse

Innleiing ved Siri Stuve Elvatun, Leiar rus og psykiatri Voss herad

I Voss herad lagar dei no plan for korleis dei vil ha det i framtida. Hardanger og Voss er ein helseregion og kommunane samarbeider mykje.

#### Oppgåve:

Agnete Gilbakken ønskjer 1-2 personar frå Hardanger og Voss ungdomsråd som kan vera med i plangruppa: **for å laga ein plan på korleis me best kan arbeide med tenestene våre for å oppnå gode resultat**. Her er ungdomstemmen veldig viktige, så håpar nokon melder seg . Det vert ca 3 møter denne våren. Plane skal innehalda : førebygging; behandling; aktivitetar; boligar;

Nokre spørsmål og svar:

#### Kor viktig er ungdomsklubben?

- for dei som brukar det er det veldig bra. Synd at det berre er ein gong i veka.

#### Korleis opplever de psykisk helse vert teke vare på:

- altfor lang ventetid

#### Korleis får ungdom nytte av av psykisk helseteneste?

At det ikkje nok psyklogar, treng ikkje vera avgjerande. Viktig at all kompetanse vert nyttiggjort. F.eks er helsesjukepleiarane gode på dette også. Utfordringa er at dei skal/ kan brukast/vera overalt. Ville det vore fornuftig å ansett fleire helsesjukepleiarar ?

**Kva med ungdomslos** - nokon som passar på ungdom som ikkje har andre vaksne (elevera som går på vgs og bur på hybel).

**Siri: Me opplever at det er vanskeleg å koma i posisjon til å hjelpa ungdom - korleis skal me klara det?**

- korleis møte ungdom?
- korleis spissa tilbudet?
- har de anbefaling til kommunane til korleis me skal hjelpa

På Voss er f.eks ungdom fyrste prioritet 1- og dei skal ikkje vente.

**Kven er det som kan finna ungdom?** Dei som jobber på skulen - lærar/helseteneste/miljø. For ungdom er det svært viktig å ha ein uavhengig voksen å prata med.

Fråværgrensa er viktig også for å fange opp dei som har eit for stort frávær

**Har de ungdommar ein oppfatning av kor ein mister folk/ungdom - kva er det svake leddet i systemet?**

Til Helsetenesta i kommunane frå ungdomsrådet :

**Vis deko på skulane endå meir**

Kommunane har mykje å læra av korleis samhandla og utnytta ressursar ein har i eigen kommune i ulike tenester, men også mellom kommunane. Det skal vita at det er store ressursar og høge ambisjonar i alle kommunane om å hjelpa dei som treng.

**Kva med frivilligheiten?**

*Forslag:* Der ungdom bur på hybel og ikkje har vaksne - kunne det vera eit system der trygge vaksne/besteforeldre kunne vera det for dei? Kanskje ei "fadderordning"?

**Kor godt kjenner de til dykkar tilbud: Ikkje godt nok!**

Ungdommane har ulik erfaring, men tilbuda kunne vor mykje meir synlege for ungdom. Då er skulen ein god arena.

**Kva kunne de tenkt ville hjelpt meir ?-** det å ha litt meir dialog med ungdomane.

Me tenkjer at helsesjukepleiarar må bli meir synlege og det må meir ressursar inn der.

**Kjempeviktig at de ungdommar spelar inn tankar til kommunepolitikarane - ungdom vert høyr, og her er det også de som veit best.**

Aldersgrense er ei anna utfordring. Dei fleste kommunar har kun tilbud til dei som er 18 år og oppover.

I Voss herad har dei sett på dette og har tilbud frå 16 år og oppover. (under 16 år er det andre lover og reglar). Dette kan de gjera kommunen dykkar bevisst på. 16-18 år ei utfordrande tid for mange.

**Dette seier ungdomsrådet til kommune/helsevesenet: Snakk meir med ungdomane!**

Informasjon er viktig, og den må koma ut til ungdomane med jevne mellomrom. Kjenner ungdomane kva hjelp dei kan få, vert dei trygge og søker lettare hjelp. Snakk meir med ungdomane!

Alle kommunane har mange tiltak internt, og gjer veldig masse bra. Så ta kontakt med skulen og helsetenesta.

Oppfordring til alle ungdomsråda: Spør og grav og finn ut kva som er tilgjengeleg i din kommune, og ta det opp med politikarane.

**HU-sak 08/23**

**BUlyst i regionen vår?**

Besøk av varaordførar, som var med på dialogen om BUlyst i kommunane.

Tilbakemelding til Voss herad har vore Jobb til ungdommen, det har heradet teke tak i og løyvd kr 300.000,- til sommarjobbar i Voss herad.

Kva skal til for BUlyst:

- Å vera ein ja kommune som er framoverlent - det er bra for BUlyst.
- Jobb må vera mulig før ein flyttar heim att.
- Kva vil klima ha å seie for kvar me kan bu i framtida - og kan kommunane vera offensive her?
- At det er hus og jobb å koma heim til, og sjølvstekt skule og barnehage.
- Er ungdomsmiljøet godt før du flyttar ut og du har hatt ein fin barndom er sjansane mykje større for at du har lyst til å flytta heim igjen.
- Tilrettelegging for lærlingejobbar er viktig!
- Må vera gunstig, sosialt og trygt å bu. Det er konkurranse om innbyggjarane.

Kunne det vera ein ide at kommunen kjem og "pitchar" på skolen i 10.klasse om kva kommunen er og kva mulighet ein har i heimkommunen?

Utfordring kan vera at alle kjenner alle i små bygder - men det kan også vere det fine.

Det er ikkje lett å koma i kontakt med folk, og for ein hybelbuande ungdom får ein ikkje kontakt med lokal ungdom pga klikkar og lukka forum - det er vanskeleg og utfordrande;

Sett får vertskommunane så er jo dette og potensielle nye innbyggjarar - kan ein gjera noko for at desse ungdomane kjem inn i varmen?

#### **HU-sak 09/23            Kollektivtransport for ungdom i distrikta**

Kollektivtilbud er dårleg på bygda, men kva kan me gjera med det? Vil me få flerie avgangar? Må me tenka nytt?

Kva om foreldre hadde ein samkjøre app, det er både berekraftig og ein hjelper kvarandre.

Kollektivtransport:

Kan me få Hardanger og Voss regionen til å henga saman. F.eks så er Kvam ikkje kobla på Eidfjord, Ulvik og Ullensvang.

Me har mulighet å senda mail til Skyss Hardanger/Voss - be om møte med oss?

#### **Oppgåve:**

- Spørjeundersøkelse:  
Tar du kollektivtransport? Er du fornøgd?  
Dette legg alle ungdomsråda ut på sine kommunar sine sider og ber om tilbakemeldingar
- Isak skriv innlegg til Avisne, som vert sendt ut i messengergruppe til kvart råd for godkjenning før publisering

#### **HU-sak 10/23            Informasjon om arbeid frå kvart ungdomsråd**

**Ulvik:**

- kunstgrasbane og aktivitetstilbud på vinteren
- ungdomsklubben - pusse opp

**Ullensvang:**

- skal ha møte i dag. Ikkje noko å melde

**Kvam:**

- "Alle med dugnad" - fritidsaktiviteter og korleis få alle med. Der skal både tillitsvalgte og elevar frå ungdomsskulane vera med. Skal kartlegga fritidstilbudet .
- Rådet skal til Kristiansand . Dei er inviterte av KS og Bufdir til å halda innlegg om demokrati og reell ungdomsmedverknad.
- Neste veke skal Kvam herad ha opp sak om å avtala området til krossbane i Kvam herad.

**Eidfjord**

- Har hatt møte i ungdomsrådet
- Arbeider med skibuss og oppussing av den nye fritidsklubben.
- Prata også om 16.mai arrangementet.

**Voss**

- Kollektivtransport.

**HU-sak 11/23                    Drøfting saker melde inn ved møtestart.**

- Neste møte 13.04.2023. Digitalt møte kl 1330-1530.
- Me skal invitera VLFK til å fortelja om ulike ungdomsprosjekt me kan laga.

Kinsarvik 23.03.2023

Trude Lægreid Rinaldo  
Sekretær Hardanger og Voss Ungdomsråd